**Bakgrunnen for saka**

Viltressursloven § 26 forbyr bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til bruk i jakt. Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a opnar derimot for jakt på hjort når kommunen har opna for dette i forskrift. For at kommunen skal kunne opna for bruk av slike siktemiddel til jakt på hjort skal målet vera å hindre skade på natur- eller samfunnsinteresser. Kommunen er tillagt dette myndet fordi føresetnadane for å vurdera skadeomfang og trongen for å opna for bruk av slike siktemiddel er vurdert å vera best handtert lokalt. Opning for bruk av termisk siktemiddel gjeld for heile kommunen, sjølv om skadesituasjonen er avgrensa til delar av kommunen.

Landbruksdirektoratet meiner det bør vera ein samanheng i forvaltninga sine mål og verkemiddelbruk. Hjorteviltforskrifta § 3 seier at kommunane skal vedta mål for utvikling av bestandane av hjortevilt. Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane. Termiske siktemiddel er sett på som eit verkemiddel som kan nyttast ved alvorleg skade eller for å avverge alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettleik.


Dersom skadeverknaden blir redusert, vil det etter kvart ikkje vera grunnlag for å vidareføre unntaket om bruk av termiske siktemiddel. Kommunane skal difor gjera ei ny vurdering av behovet kvart femte år. Vurderinga kan gjerast i samband med rullering av dei kommunale måla for hjorteforvaltninga. Dette på bakgrunn av at vurderingane som skal gjerast knytt til om det skal opnast for bruk av termiske siktemiddel, også er ein del av det som bør vurderast i dei kommunale måla jf. hjorteviltforskrifta § 3.

Bruken av termiske siktemiddel skal avgrenses til ope terreng. Ope terreng er definert i forarbeida til endring av viltlova (prop. 149 L (2020-2021 s. 16)):
*«Med «opent terreng» meinast her terreng som stort sett er fritt for hindringar som bygningar og trær. Eksemplar på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også være opne areal på skogsmark, som hogstflater, naturlege opningar utan høgt feltsjikt- og buskvegetasjon og område der skogen er høgtstammet og glissen.»*

## Vurderingar og konsekvensar

**Mål for kommunen**
Målet til kommunen for hjorteforvaltninga er å få ei kvalitetsforbetring i stammen ved å få ein bestandsreduksjon. Målsetting er vidare å redusera arealbrukskonfliktar, og å redusera påkøyrsler av hjort. Dette er fastslege i kommunale måldokument.

**Hjortestammen i Sogndal kommune**




**Figur 1**. Visar felte og tildelte hjortar frå 2010-2025 i Sogndal kommune.

Figur 1 viser at fellingstala er relativt stabile frå år til år mellom 700 og 1000 årlege felte hjortar.


Sett-hjort er registreringar som jegerane sjølve legg inn etter endt jakt. Denne datainnsamlinga er nytta av kommunane for å laga ei oversikt over utvikling i hjortestammen og i jaktutøvinga.

**Tabell 1:** Sett-hjort tala for Sogndal kommune frå 2021-2025.

| Jaktår | Hjortar sett per jegertime | Antall jegertimer | Tal jaktfelt med registreringar |
|---|---|---|---|
| 2021 | 0,307 | 18811 | 108 |
| 2022 | 0,231 | 19560 | 104 |
| 2023 | 0,258 | 20642 | 116 |
| 2024 | 0,278 | 18534 | 112 |
| 2025 | 0,293 | 17420 | 117 |


| Jaktår | Felt per jegerdag | Tal jegerdagar | Tal jaktfelt med registreringar |
|---|---|---|---|
| 2021 | 0,213 | 4188 | 108 |
| 2022 | 0,171 | 4171 | 104 |
| 2023 | 0,22 | 4131 | 116 |
| 2024 | 0,222 | 3963 | 112 |
| 2025 | 0,233 | 3710 | 117 |

Det er registrert færre jegertimer i 2025, enn dei forrige åra. Samstundes er tal hjortar som vert sett eller skotne svakt aukande per dag eller time på jakt. Dette tyder på at effektiviteten i jakta går opp. Dette kan vidare tyda på at ein del jegerar har teke i bruk termiske hjelpemidlar i hjortejakta.
Administrasjonen i kommunen er kjent med at handhaldne termiske kikertar vert nytta til kartlegging/spotting av hjort før jaktutøving. Denne praksisen er opna for i den generelle forskrifta. Kikertsikte med restlysforsterking eller termiske kikertsikte er mest bruk på innmarksjakt når det er mørkt.




**Figur 2.** Sett kolle per bukk. Tal henta frå sett hjort-registreringar i Sogndal kommune.

Indeksen viser kjønnssamansettinga for dyr som er eldre enn eitt år. Dersom indeksen er 1,00 er det like mange bukk som koller i bestanden. Er indeksen større enn 1,00 er det fleire koller enn bukkar, for eksempel vil talet 1,41 si at det er sett 1,41 koller for kvar bukk som er sett. Dette kan tyda på ei noko høg avskyting av bukk, og betyr at hjortestammen har stort potensial for rask vekst.




**Figur 3.** Sett kalv per kolle. Tal henta frå sett hjort-registreringar i Sogndal kommune.

Indeksen viser utviklinga i rekrutteringa av kalv til bestanden. Tala frå Sogndal kommune tyder på relativt god rekruttering, noko som syner at det er ein del vaksne koller i hjortestammen.
Det er utfordrande å seia noko sikkert om størrelsen på hjortestammen i Sogndal kommune, men det som er klart er at det er ein stor, levedyktig bestand med stort potensial for vekst. Truleg har bestandsstørrelsen stabilisert seg siste åra. Bruken av termiske hjelpemidlar har truleg bidrege til dette, då det har mogleggjort effektivt, retta uttak av hjort på innmark.


**Hjorten sin skadeverknad på samfunnsinteresser**

Hjorten er ein kjend skadegjerar i landbruket. Det er ikkje gjort særskilte undersøkingar på kva effekt hjortebeiting har på avlingsnivå her i kommunen, men forsøk gjort av Norsk landbruksrådgjeving viser at avlingstap i områder med moderat snødekke ofte er frå 15-20 % frå normalavling. Areal med attlegg som er nysådde er gjerne meir utsette for slik skade, noko som utgjer ein ekstra stor kostnad for bonden. I det omtala forsøket vart kostnaden ved hjorteskade for bonden rekna til 650 kr – 850 kr per daa. For eit bruk med kring 100 daa dyrkajord i drift vil dette utgjere ein kostnad på 65 000 – 85 000 kroner årleg tap. Berekninga i dette forsøket blei gjort i 2021, og kostnadane for innsatsfaktorar i landbruksdrift (gjødsel, såfrø og diesel) har auka monaleg. Det er rimeleg å tenkja at beiteskade av hjort er ein stor økonomisk kostnad for landbruket i Sogndal kommune.
Det blir kvart år søkt om skadeskyting av hjortevilt.
Dei siste åra har tildeling av skadefellingsløyve på hjort vore slik:

**Tabell 2:** Tal for skadefellingsløyve i Sogndal kommune frå år 2022-2025.

| År | Tal skadefellingsløyve |
|---|---|
| 2022 | 9 |
| 2023 | 4 |
| 2024 | 11 |
| 2025 | 3 |

Samtlege løyver er gitt som følgje av skade frå hjort på frukthagar. Hjorten har stort skadepotensial i frukttreplantingar, og skadane kan ha store økonomiske konsekvensar for drivarane.




**Figur 4.** Viser tal påkøyrde hjortar i Sogndal kommune frå 2020-2025.

Ein kan sjå frå  at det er mykje påkøyrslar av hjortedyr i Sogndal kommune. Sogndal kommune ønskjer å redusere påkøyrslar av vilt. Kollisjon mellom bilar kan føra til alvorleg personskade og død. Påkøyrslene fører i mange høver til stor liding for dyret som vert påkøyrt. Ettersøk etter påkøyrt hjortevilt blir finansiert med viltfondet. Grunna det store talet påkøyrsler i vår kommune, vert viltfondet stort sett berre nytta til ettersøk av påkøyrde hjortar. Vi vurderer at å gi løyve til bruka av termiske siktemiddel kan mogleggjera effektive uttak av hjort i dei områda som har flest hjortepåkøyrsler.

**Hjorten sin skadeverknad på naturmiljøet**
Vedlagt til saka ligg to økolograpportar som har hatt synfaringar i viktige naturtyperegistreringar m.a. i vår kommune. I rapporten er det lagt vekt på at det bør jobbast med ein reduksjon av hjortestammen for å bevara fleire av dei viktige edellauvtreslaga. M.a. alm og ask er i fare for å bli utrydda frå områda. Med utrydding av desse treslaga vil det også følgja ei rekkje artar som har desse treslaga som sitt einaste habitat. Økologen legg vekt på at særskilt vinterbestandane av hjort må reduserast for å sikra rekruttering av ny edellauvskog i dei undersøkte områda.

**Konklusjon**
Sogndal kommune har vurdert bestandsutvikling, beitegrunnlag, skader på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg. Termiske siktemiddel er sett på som eit verkemiddel som kan nyttast ved alvorleg skade eller for å avverge alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettleik. På bakgrunn av dette vurderer kommunedirektøren at lokal forskrift for bruk restlysforsterkande og termiske siktemiddel til jakt på hjort i Sogndal

kommune skal leggast ut på høyring.